



Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Manger den 1. september 2014

## **Den Kulturelle Spaserstokk**

Radøy kommune fekk tilskotsbrev frå Det kongelige Kulturdepartementet, datert 14.10.2013, referansenr. 13/1492 - med tilskot på kr 32.000 til kulturtiltak for eldre i 2013/2014.

Kommunen har nytta tilskotet i forhold til vår søknad der me har hatt fokus på profesjonelle kunst- og kulturformidlingar på Velferdssenteret, i Gamle Prestegarden og andre arena i kommunen og i leigde lokale i nabokommunen.

Midlar til Den kulturelle spaserstokken vert rekneskapsført i kommunen sitt økonomisystem. Det er Frivilligsentralen i Radøy som administrerer Den Kulturelle Spaserstokken.

## **Søknad om midlar frå den Kulturelle spaserstokk 2015**

### **Tiltak nr 1:**

#### **Underholdning og tradisjonsmat**

##### **Skildring**

Heile gruppa (120 pers.) reiser til eit grendahus i nabokommunen. Me nyttar bussar, drosjar, bilar med plass til rullestol og privatbilar. Dei som treng det får personleg ledsager frå Radøy LHL, Radøy Lions eller frå Frivilligsentralen som er med heile dagen. I samfunnshuset er først 1 times underholdning med profesjonelle musikarar og songarar. Deretter allsong og til slutt middag for alle m/tradisjonsmat for alle. På dette arrangementet er det med om lag 120 personar.

**Målgruppe:** Brukarar på dagavdelinga, personar på institusjon, personar i omsorgsbustadar pensjonistar som bur heime

**Kultorgenre/tema:** Song, musikk allsong, allsong, tradisjonsmat

**Arena:** Samfunnshus i nabokommunen

**Tal på arrangement:** Enkeltarrangement

**Venta tal på deltakarar:** 120 – 140 personar

**Venta starttidspunkt:** Okt 2014

**Venta sluttidspunkt:** Mai 2015

**Eigenandel:** Alle som deltek på dette arrangementet må betala ein eigenandel.

**Søknadssum: Kr 30 000.**

**Tiltak nr 2:**  
**Kulturmøte på Velferdssenteret**

Skildring

Frivilligsentralen i Radøy står som arrangør. Det vert leiga inn profesjonelle underhaldarar/musikarar som Rune Larsen, Irene Ahnell, Tor Endresen, Veslemøy Fluge Berg, Henrik Kayser m.fl. Frivilligsentralen hjelper til som personlege assistentar, transport o.l. Har sitjedans og annan dans med dei som klarar vera med.

**Målgruppe:** Personar på dagavdeling, personar på eldreinstutisjon, personar i omsorgsbustader, alle pensjonistar

**Kulturgrenne/tema:** Song , musikk og opplesing. Dans som eigenaktivitet

**Arena:** Storstova på Velferdssenteret

**Tal på arrangement:** Kvar månad (ikkje juni,juli)

**Venta tal på deltakarar:** 40 personar kvar gong

**Venta starttidspunkt:** Oktober 2014

**Venta sluttidspunkt:** Juni 2015

**Eigenandel:** Desse arrangementa har ingen eigenandel.

**Søknadssum: Kr 40 000.**

**Tiltak nr 3:**  
**Senior-møte**

Skildring

Første måndag i kvar mnd. skipar Radøy eldreråd og Frivilligsentralen i Radøy til Temadag. Det vert leiga inn ein førdragshaldar som tek opp eit aktuelt/interessant emne. Føredraget m/spørsmål tek 45 min. Etterpå er det mat. Rådmannen informerer om aktuelle saker. Det vert leiga inn songkrefter og det er også allsong som eigenaktivitet.

**Målgruppe:** Personar på dagavdeling, personar på eldreinstutisjon, personar i omsorgsbustader, alle pensjonistar

**Arena:** Gamle prestegarden på Manger

**Tal på arrangement:** 10 pr år.

**Venta tal på deltakarar:** 35Venta starttidspunkt: Oktober 2014

**Venta sluttidspunkt:** Juni 2015

**Eigenandel:** Alle som deltek på dette arrangementet må betala ein eigenandel.

**Søknadssum: Kr 30 000.**

## Den Kulturelle Spaserstokken

Radøy kommune fekk tilskotsbrev 14.10.2013 – dykkar referanse 13/1492 - frå Kulturdepartementet med tilskot på kr 32 000 til gjennomføring av kulturtiltak for eldre i 2013 - 2014.

Kommunen har brukt tilskotet i samsvar med søknaden vår der ein har hatt fokus på profesjonelle kunst- og kulturformidlingar på Velferdssenteret, i Gamle Prestegarden og andre arena i kommunen/nabokommunen. (Me har leiga oss inn på eit samfunnshus i Lindås kommune)

Midlar til Den kulturelle spaserstokken vert rekneskapsført i kommunen sitt økonomisystem der me har oppretta eige prosjekt,1535 Den Kulturelle Spaserstokken, der dagleg leiar for Frivilligsentralen i Radøy har administrativt ansvar.

Rapport 2013 -2014:

Tiltak 1: Kultur og trivsel (Gamle Prestegarden)

- Konsert med songaren Kåre Håland
- Temadag / Konsert med kvedaren Linda Røyseth

Tiltak 2: Kultur for alle Ulike arena i kommunen / grendahus i nabokommunen)

- Konsert med Tor Endresen og Svein Tore Hindenes i Strilatun
- Konsert med sopranen Veslemøy Fluge Berg, barytonen Olav Veierød og pianist Audun Kayser.

## Aktører

Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

Radøy kommune har nytta midlane slik:

Tid	Artist	Stad	Publikum	Publikums Alder
Mai 2013:	<b>Tor Endresen</b> <i>Tor Endresen er ein landskjend songar som er fødd og oppvaksen i Bergen. Han er og godt kjend som programleiar i TV med programma Lollipop. Han er fast medlem i Ausekarane</i>	Strilatun	120 pers.	60 - 85 år
Mai 2013	<b>Svein Tore Hindenes</b> <i>Er ein kjend og dyktig musikal frå Bergen. Han har fartstid i mange band og er mukje ute med Rune Larsen. Han er fast medlem i Ausekarane</i>	Strilatun	120 pers.	65 - 85 år

Mai 2014	<b>Veslemøy Fluge Berg</b> Proffesjonell songar. Mqaster i klassisk song frå Grieg-akademiet og Universitetet i Bergen. Flittig nytta frilandssongar som meistrar alt fr opera til jazz. Har vore solist i fleire operaoppsetningar mellom anna ved Den Nasjonale Scene. Ho har lag og god erfaring med å undervise i song og drama.	Strilatun	130 pers.	Alle
Sept 2012	Olav Veierød er ein profesjonell (baryton) operasongar som bur i Bergen. Han er mykje nytta både i operaoppsetningar, teater og musikalar.	Strilatun	115 pers.	60 - 85 år
Okt 2012	Audun Kayser (født 29. april 1946 i Bergen) er en norsk pianist. Han er utdannet ved Hochschule für Musik i Wien, i Paris (Yvonne Lefebure) og Master Class med Geza Anda. I 1969 debuterte han som pianist i Universitetets Aula i Oslo. Han har vært amanuensis i klaverspill ved Norges musikkhøgskole fra 1973 og intendant ved Edvard Griegs hjem Troldhaugen fra 1978 til 1990. Fra 1990 er han ansatt ved Griegakademiet ved Universitetet i Bergen som førsteamanuensis i klaver; og fra 2007 professor samme sted innenfor spesialiteten Lied-akkompagnement. Han har laget en rekke innspillinger som solist med orkester, akkompagnatør og solopianist, bl.a. Bach: Goldbergvariasjoner, Kjerulfs samlede klaverstykker og Griegs klaverkonsert i a-moll med Bergen Filharmoniske Orkester. Griegprisen i 2010.	Prestegarden	120 pers.	65 - 85 år

Manger 1 september 2014

Frivilligsentralen i Radøy

Rune Rydland  
Dagleg leiar

## Rekneskap den kulturelle spaserstokken 2013-14

Motteke tilskot 2013 32 000

### Aktivitetar

Frikk Musikk A/S, Tor Endresen m.fl	20.05.2013	25 000
Audun Kayser	21.05.2014	5 000
Olav Veierød	21.05.2014	5 000
Veslemøy Fluge Berg	21.05.2014	7 000

---

**Sum kostnader aktivitetar 2013-14 42 000**

---

Kommunal eignedel i "Spaserstokken" 10 000

Alle kostnader er bokført i Radøy kommune sin rekneskap

Manger, 03.09.2014

---

Sveinung Kvamme  
Økonomisjef